



Eit fleirtall i forvaltningskomiteen var for at 86-åringen skal få ei flytebryggje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Med fem mot tre røyster har forvaltningskomiteen gått inn for at det skal gjevast dispensasjon slik at ein 86-åring med fising som hobby får nytte flytebryggje ved utløpet av Uskedalselva, Han treng ein skikkeleg kai slik at han kjem seg enkelt til og frå båten.**

Dispensasjonen skal gjelda i levetida hans. Dei tre røysta for framlegget frå administrasjonen, som ikkje kunne sjå at det låg føre særlege grunnar til dispensasjon i denne saka.

Det var Bjørg Brækhus (Ap) som sette fram forslaget om dispensasjon.

Administrasjonens nei var grunngeve med at byggje- og anleggstiltak ikkje bør tillatast i det omsøkte arealet, som i gjeldande kommuneplan godkjent for fem år sidan er avsett til LNF i sjø og vassdrag, Heile tiltaket ligg innafor hundremetersbeltet frå sjøen og i ein heilheit innanfor det som kallast. funksjonell strandsone.

Thorleif J. Hellesøy (US) var for flytebryggje og viste til at dette ikkje er nokon fast installasjon og at det ikkje er kome nokon naboprotestar. Flytebryggja vil ikkje stikka lenger ut i elva enn den faste bryggja.

Leiar Einar Saghaug (IP) slutta seg til Hellesøy sitt syn og viste til at det allereie er ei bryggje på staden. Dette er dessutan ein sesong-installasjon berre for sommerbruk og om vinteren bør han leggjast på land..

Tove Lill Lakselv (Frp) var einig i dette medan verksemdsleiar Tormod Fossheim kom med eit kritisk spørsmål: - Ønskjer ein heile elveosen full av flytebryggjer?

Men det var han som seinare i møtet kom med ideeen om å vise til brukarens høge alder som ein "særleg grunn" til dispensasjon..

Øyvind Hardeland (Ap) var for administrasjonens nei mellom anna fordi han var redd for at eit ja ville danna presedens.

Av Ola Matti Mathisen